VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 2 september 2026

PRODUKSJONSTILSKOT DEL 2 - HUGS SØKNADSFRISTEN 15. OKTOBER

Teljedatoen er 1. oktober, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Etter at du har sendt inn søknaden (innan fristen 15. oktober) kan du inn og endre fram til 29. oktober. **Hugs å sjekke kvitteringa du får i Altinn, for å sjå at alle tiltaka er med i søknaden.** Ta kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.

PLASTINNSAMLING HAUSTEN 2026

Gjeld kun rundballeplast og storsekk. Levering til dei faste plassane må skje tett opp til annonsert dato (annonse i Grannar og på heimesida til Gangstø Transport AS). Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

MØTE MED NYE BØNDER I OKTOBER

Landbrukskontoret ønskjer å bli betre kjent med deg og informere om kva vi kan hjelpe til med i drifta på garden din. Møtet blir på kveldstid, og nye bønder som er registrerte hos oss, får nærare invitasjon til møte på e-post eller SMS.

PERSONALNYTT

Vendel-Agathe Skartland-Hide blei frå august ny rådgjevar klima/miljø/landbruk. Ho overtek stillinga til Gaute Widerøe Hennig. Vendel-Agathe er 27 år og kjem opphavleg frå Gjerdsvika på Sunnmøre, men flytta til mjølkegard i Vikebygd for to år sidan. Ho har ei mastergrad i økologi frå NMBU på Ås, og har også lektorutdanning i realfag. Etter studiane har ho jobba for NMBU med feltarbeid for eit prosjekt som ser på effekten av skogbruk på boreal skog, og tre år som lærar i matematikk, naturfag og produksjon for scene.
Me ynskjer Vendel-Agathe velkommen som ny medarbeidar.

PRODUKSJONSTILSKOT OG AUKE I BOTNFRÅDRAG

Botnfrådraget er frå 2026 auka frå 6000 til 11000 kroner.

BEITEKRAV PÅ MINIMUM 12 VEKER PÅ INNMARK – LUFTEKRAV PÅ MINIMUM 8 VEKER

Vilkåret for tilskot til beiting på innmarksbeite er at dyra skal vere på beite minst 12 veker i beitesesongen - der meir enn halvparten av grovfôret må komme frå beiting. Der Mattilsynet har avdekka brot på luftekravet (minimum 8 veker), blir kommunen varsla, og dermed er også vilkåret for beitetilskot borte.

BEITEKRAVET PÅ MINIMUM 5 VEKER I UTMARK

Vilkåret for tilksot til dyr på utmarksbeite er at dyra skal ha tilgang til beitegras av tilstrekkeleg kvalitet og mengd. Det må kunne sannsynleggjerast at det er nok beitegras til talet på omsøkte dyr på utmarksbeite i **minst fem veker**, der hovuddelen av det daglege grovfôrinntaket må skje ved beiting.

FØRER DU BEITELOGG?

For å halde oversikt over dyr og tal veker dyra har gått på inn- og utmarksbeite, er ofte beitelogg nødvendig. Dette for å halde

oversikt når ein skal søkje tilskot til dyr på inn- og utmarksbeite. **Forslag til beitelogg finn du bakerst i bladet.**

NYTT OM AMMEGEIT OG VILKÅR FOR TILSKOT I 2027

Minstegrense på 20 ammegeiter for å få husdyrtilskot.

I jordbruksforhandlingane vart det bestemt at frå og med søknadsåret 2027 (teljedato 1. mars) vil det gjelde ei minstegrense på 20 ammegeiter for å motta husdyrtilskot.

PRODUKSJONSTILSKOT OG DRIFTSFELLESSKAP

I søknaden om produksjonstilskot skal du krysse av dersom du er i driftsfellesskap med andre som søkjer tilskot. Dette skal hindre at stordriftsfordelar gir grunnlag for urettmessig høge tilskot. Det er ein samla vurdering som skal liggje til grunn for å konstatere driftsfellesskap.

Her kjem nokre døme;

Det er særleg viktig å vurdere dette når familiemedlemmer, til dømes ektefellar eller barn, har eigne føretak og søkjer husdyrtilskot innan same produksjon. I vurderinga ser ein mellom anna på kvar dyra er plasserte, om bygningane ligg i same tunet, om besetningar er blanda og kvar dyra beiter.

Driftsfellesskap kan òg vere aktuelt ved maskinsamarbeid. Døme kan vere at foreldre lånar ut traktor eller maskinar til barn utan vederlag, eller at foreldre, ektefellar eller barn avløyser kvarandre utan at dette blir utgifts-/ inntektsført. Felles innkjøp av kraftfôr som kan gi stordriftsfordelar kan også ha betydning.

Eit anna døme er når ein bygning på eit driftssenter blir skild ut og det blir søkt tilskot separat. Dersom det ikkje er eigen straummålar eller eit tydeleg skilje i drifta, kan også dette vere ein del av vurderingane.

VANLEG JORDBRUKSPRODUKSJON I SAUEHALDET?

Dette tema blir stadig meir omdiskutert, både i media og frå Statsforvaltaren si side. Landbruksforvaltninga skal vurdere om drifta di er «vanleg», og om den gir grunnlag for produksjonstilskot.

Utgangspunktet

Det klare utgangspunktet er:

- Alle søyer som ikkje skal slaktast (utrangerast), skal parast.
- Påsettlam treng ikkje parast første året for å telje med i produksjonen.
- Fjorårslam og vèrar som skal utrangerast, blir ikkje rekna som ein del av vidare drift.

Foto: Anne Karin Langeland

For låg reproduksjon (færre lam enn normalt)

Det må vere ein viss produksjon for at drifta skal reknast som vanleg.

- Det er talet på søyer du søkjer tilskot for pr. 01.03. som er grunnlaget for berekning av reproduksjonsgraden pr. søye
- Dersom du søkjer tilskot for dyr som eigentleg skal utrangerast, vil dei trekkje ned snittet for lam pr. søye.

Dersom talet på lam pr. søye er **under 50% av gjennomsnittet for rasen**, kan forvaltninga stille spørsmål om drifta er vanleg.

Blir det produsert svært få eller ingen lam, kan det i seg sjølv vere grunnlag for å avslå produksjonstilskotet.

Kort sagt:
Har du søyer, men få eller ingen lam til slakt, kan det bli sett på som «uvanlig» drift.

For låg slaktevekt på lamma
Slaktevekta blir og vurdert.

- Dersom slaktevekta er under **70 % av gjennomsnittet for rasen**, kan det bli stilt spørsmål om drifta er vanleg.

- Mange lam i klasse **P-, P og P+** kan tyde på at produksjonen ikkje er tilfredstillande.

- Alder på lamma ved slakt blir og vurdert

Er lamma mykje lettare enn det som er normalt for rasen, eller mange av dei er dårleg klassifiserte, kan det slå negativt ut.

Enkelt forklart
For å bli rekna som vanleg jordbruksproduksjon i sauehaldet må du:

- Pare søyene som skal vere i drift

- Få eit rimeleg tal lam pr. søye

- Produsere lam med nokolunde normal slaktevekt og kvalitet

Er produksjonen vesentleg lågare enn det som er vanleg for rasen, kan du risikere å miste produksjonstilskotet.

HUSDYRREGISTERET – har du hugsa å oppdatere før du søkjer tilskot?
Husdyrregisteret skal til ei kvar tid vere oppdatert. Me nyttar opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal storfe på teljedato i søknaden. Der får me også opplysingar om mjølkekyr/ammekyr har kalva dei siste 15 månader før teljedato. Kasting vert ikkje rekna som kalving, og dersom kalven er dødfødt, må ein ved kontroll ha dokumentasjon, til dømes kvittering frå Biosirk.

KRAV OM EI VEGETASJONSSONE PÅ MINIMUM 2 METER MOT VASSDRAG
Føremålet med kravet er å medverke til ein meir miljøvennleg jordbruksproduksjon som skal motverke avrenning. Det er svært viktig for vassmiljøet å ta vare på vegetasjonssona langs vassdrag, og den skal vere minimum 2 meter brei (horisontal) mot dyrka areal. Sona skal ikkje pløyast, spreiast eller sprøytast, men kan beitast**.** NB! Minimum 2 meter brei vegetasjonssone mot vassdrag er eit vilkår for areal- og kulturlandskapstilskot**. NB! Du kan lese meir om viktige funksjonar til kantvegetasjon bakerst i bladet.**

REGIONALT MILJØTILSKOT 2026 –
Søknad kan leverast frå 15. september.
Søknadsfrist 15.oktober.
Etter innsendt søknad (innan fristen 15. oktober), kan du gå inn og endre fram til 29. oktober. Hugs å rette opp, dersom du har endringar i kartet (til dømes endra leigeareal). Har du spørsmål, eller treng hjelp til registrering i kart m.m., er det berre å ta kontakt med oss på landbruk.

Eksempel på vegetasjonssone, saman med ugjødsla kantsone i eng. Foto: NVE

REGIONALT MILJØTILSKOT OG UGJØDSLA KANTSONE I ENG
I tillegg til den obligatoriske vegetasjons-sona langs vassdrag, kan du søkje tilskot til ei 4 meter brei ugjødsla kantsone på dyrka areal. Kantsona skal bestå av fleirårig gras, og skal ikkje gjødslast eller sprøytast. Kantsona skal haustast anten ved slått eller beite. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli. Kantsona må vere minimum 50 meter for å utløyse tilskot.

Reinsepark **Foto: Anne Karin Langeland**

SMIL!
Vindafjord kommune fekk i januar tildelt 900 000,- i SMIL-midlar frå Statsforvaltaren, som har eit mål om at minst 35% av desse skal nyttast til tiltak mot ureining og avrenning til vassdrag (til dømes reinseparkar, planting av kantvegetasjon, m.m.) og at minst 30% skal nyttast til tiltak for ivaretaking av biologisk mangfald (til dømes rydding/opparbeiding av kystlynghei og slåttemark, sone for pollinerande insekt, bevaring av hole eiker, nedkjemping av invasive artar, m.m.). I tillegg er det eit mål om at 5% skal gå til tett dekke over gjødselkummar for å redusere utslepp av klimagassar frå gjødsellagring.

Vindafjord kommune har eit ønske om å oppnå desse måla, og oppmodar til å søke om SMIL-midlar innanfor desse kategoriane.

Den lokale SMIL-strategien finn de på heimesidene våre, saman med meir informasjon om SMIL-ordninga: https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/tilskotsordningar/smil-midlar/.

Ved spørsmål angåande SMIL- ordninga er det berre å ta kontakt på e-post; Vendel-agathe.skartland.hide@vindafjord.kommune.no, eller telefon; 47 78 10 84.

Vindafjord kommune oppmodar alle som eig eller leiger landbrukseigedom med jordbruksproduksjon til å sende inn søknad om støtte til SMIL-tiltak innan 1. mars. Fristen er for prioriteringar, så det er full moglegheit til å søkja etter fristen viss det framleis er midlar igjen. Det er enda noko midlar igjen etter søkjeprosessen i vår. Send inn. Når det er tomt for midlar, blir søknaden overført til neste års søknadsvurdering.

Foto: Morten Rørheim

DRENERING
Anten du eig, leiger, eller leiger ut jordbruksareal som tidlegare har blitt grøfta, så kan du søke om tilskot til drenering. Ein kan og få tilskot til drenering av planerte areal som ikkje tidlegare er grøfta. Vindafjord kommune fekk i januar tildelt rekordhøge 1 100 000,- i dreneringsmidlar frå Statsforvaltaren, og kommunen oppmodar jordbruksføretak om å søke om tilskot til drenering fortløpande. Det er framleis dreneringsmidlar igjen. Søk om du har eit dreneringsprosjekt.

Ein kan få opptil 4000 kr i tilskot per dekar med systematisk grøfting, og opptil 61 kr i tilskot per løpemeter med usystematisk grøfting (inkludert avskjeringsgrøfter). Merk at det ikkje vil bli innvilga tilskot til allereie utført dreneringsarbeid, og at tilskot må vere innvilga før gravearbeid for å få utbetalt tilskot.

Meir informasjon om tilskot til drenering finn ein på heimesidene våre: https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/tilskotsordningar/tilskot-til-drenering/.

Ved spørsmål angåande dreneringstilskot er det berre å ta kontakt på e-post; Vendel-agathe.skartland.hide@vindafjord.kommune.no, eller telefon; 47 78 10 84.

INFORMASJON OM LANDBRUKS-MIDLAR I ROGALAND – PRIORITERINGAR FOR 2027

Innovasjon Noreg melder at det ikkje er att midlar til fleire landbrukstilskot i Rogaland i 2026.
Det vil vere mogleg å sende inn ny søknad frå 1. september 2026. Nye søknader vil bli behandla og vedtak fatta i 2027.

Viktig: Prosjektet må ikkje vere påbegynt før den nye søknaden er sendt inn.

Søknader som allereie ligg inne, og som gjeld dei høgast prioriterte produksjonane, blir overførte til 2027 for behandling. Dei øvrige søknadene vil få avslag.
På grunn av langt fleire søknader enn tilgjengelege midlar i 2026, kombinert med ein større reduksjon i den nasjonale lausdriftspotten i 2027, har Regionalt landbrukspartnerskap i Rogaland vedteke å spisse prioriteringane for 2027.
Prioriteringar for 2027:

Tradisjonelt landbruk

Følgjande område blir prioriterte:

- Mjølkeproduksjon – ombygging til lausdrift
    - Totaløkonomien i prosjektet vil bli vektlagd. Effekten av til dømes skattefritak på tilskot kan takast med i vurderinga av storleiken på tilskotet.
- Ressursavklaring innan mjølkeproduksjon for produsentar som står framfor eit vegval.
- Ungdyroppdrett i mjølkeproduksjonen – ombygging til lausdrift eller trinnvis ombygging. Det blir ei avgrensa utmåling på inntil 30 prosent.
- SPF-gris – inntil 35 prosent og maksimalt 500 000 kroner. Gjeld berre eksisterande produsentar.
- Gjødsellager – inntil 25 prosent og maksimalt 250 000 kroner.
- Unge bønder/generasjonsskifte
    - Same prioritering som i andre saker, men gode prosjekt innan sau og ammeku kan også bli vurderte.
- Distrikt – tiltak som bidreg til å sikre landbruk i heile fylket.
- Frukt, bær og grønsaker – når det kan dokumenterast marknadstilgang. Dette gjeld både plantasjar og lagerbygg.

Ikkje prioriterte tiltak

Følgjande tiltak blir ikkje prioriterte i 2027:

- Sau, ammeku og okseoppdrett utanom saker som gjeld generasjonsskifte. Dette er ei ny prioritering for 2027.
- Utskifting av mjølkerobot. Dette blir vurdert som vedlikehald og blir ikkje prioritert, heller ikkje i generasjonsskiftesaker.
- Kyllingproduksjon.
- Eggproduksjon.
- Nyetablering med SPF-gris og andre nyetableringar innan gris.

Foto: Anne Karin Langeland

Andre landbruksbaserte næringar
Følgjande område blir prioriterte:

- Lokalmat – foredling, utvikling og sal.
- Gardsutsal kan få eit avgrensa oppstartstilskot når utsalet også tilbyr varer frå andre bønder, utsalet dekkjer eit behov i marknaden og ikkje verkar konkurransevridande.
- Landbruksbasert reiseliv, gjerne i kombinasjon med lokalmat.
- Inn på Tunet-tiltak for godkjende tilbydarar.

Ikkje prioriterte tiltak

- Skogbruk og sagbruk.
- Næringsutvikling som ikkje har tilstrekkeleg tilknyting til landbruket.

<u>Lån</u>
Innovasjon Noreg tilbyr også lån til bønder og eigarar av **landbrukseigedomar som** har behov for finansiering av langsiktige kapitalbehov.
Lån kan mellom anna nyttast til:

- kjøp av landbrukseigedom eller tilleggsareal
- bustad på gardsbruk, både nybygg og utbetring
- investeringar og modernisering innan tradisjonelt landbruk eller andre landbruksbaserte næringar, både eigedom og utstyr
- utviklingsaktivitetar innan andre landbruksbaserte næringar
- styrking av kapitalen i landbruket

Det kan ikkje givast lån til investeringar som inneber ein vesentleg auke i produksjonen innan produksjonar som har overproduksjon.

For meir informasjon om landbruksmidlar og prioriteringane for 2027, sjå Innovasjon Noreg sine nettsider.

FRAMANDE ARTAR
Framande artar er artar som har blitt tekne med ut av sine naturlege leveområde til stadar dei ikkje høyrer heime. Nokre framande artar kan vere invaderande, og utkonkurrere dei artane som opphaveleg er i området. Dette gjer det til ein av dei største trugslane mot biologisk mangfald. Framande artar kan også ha konsekvensar for matproduksjon, og bere med seg parasittar og sjukdommar. Grunneigarar har sjølv ansvar for at ikkje framande artar spreiar seg vidare frå din eigedom.

I kommunen vår er særleg **parkslirekne**, **kjempespringfrø**, **mispel** og **platanlønn** utbreidd.

Parkslirekne

Kjempespringfrø

Mispel

Platanlønn

Foto: Vendel-Agathe Skartland-Hide

Gjerne les meir om desse artane på artsdatabanken.no.
Tips til korleis ein kan bidra:

- Melde frå om framande artar (til kommunen eller på artsobservasjoner.no)
- Fylgje regelverket om framande artar
- Sortere og kaste planteavfall på riktig måte
- Kvitte seg med lausmassar på riktig måte
- Søkje løyve for import og utsetting av levande organismar
- Melde frå om ulovleg import og sal
- Fjerne framande artar frå eigedommen sin

Fjerning av framande artar går ofte ut på å fjerne dei med rota, nedskjering eller fjerning av frø for å forhindre spreiing.

Sprøyting frårådast i dei fleste tilfelle, men kan vere nødvendig på store førekomstar. I somme tilfelle kan det vere nødvendig med dispensasjon frå Mattilsynet for å få gjere det (Miljødirektoratet.no, 2026)

Les meir på miljødirektoratet.no om korleis fjerne spesifikke framande artar på best mogleg måte.
Fjerning av framande artar vi også vere eit tiltak for biologisk mangfald, som får inntil 90% tilskot av SMIL-ordninga.

OMDISPONERING FRÅ SKOG TIL INNMARKSBEITE
Det er plikt til nyplanting av barskog innan 3 år etter hogst. Dersom du, i staden for, treng å ta arealet i aktiv bruk som innmarksbeite, fell denne foryngingsplikta bort når arealet er ferdig godkjent som innmarksbeite i gardskartet. Arealet må ha minst 50% beitegrasartar og urter før det kan godkjennast som innmarksbeite.

FJERNING AV KANTVEGETASJON LANGS VASSDRAG
Det er ikkje lov å fjerne naturleg kantvegetasjon langs vassdrag. Naturleg vegetasjon gjer elva meir eigna som leveplass for fisk og andre organismar. Vegetasjon vil redusere avrenning av næring og jord frå landbruksareal. Ved behov for fjerning av kantvegetasjon må ein sende inn søknad til Statsforvaltaren om dispensasjon. Sjå meir informasjon i vedlegg. Det kan vere lov med noko skjøtsel i kantvegetasjonen, dersom det er viktig for å unngå utrasing av murar eller anna. Spør kommunen om råd. Du kan òg lese meir i rettleiar frå NVE. Ved nydyrking må du setje att 6 meter brei vegetasjons-sone, der det er årsikker vassføring.

TILSKOT TIL SKOGKULTUR – SØKNADSFRISTER
Om du har gjennomført skogplanting eller supplering, må kommunen ha mottatt søknaden din om tilskot innan **25. november**. Send derfor søknaden om tilskot til skogkultur så snart du har mottatt fakturaen, ev. etterspør fakturaen om tida begynner å bli knapp.

Meir om tilskotet finn du her: https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk/ordninger-for-skogbruk/tilskudd-til-tettere-skogplanting-som-klimatiltak

Du kan og kontakte kommunen. Faktura og kart skal følge søknaden.

Søknad om tilskot til andre skogkulturtiltak, som t.d. ungskogpleie, bør og leverast innan **25.11**., for at vi skal klare å registrere/handsame søknadane før fristen **30.11.26**.

Sopp på gammal stubbe **Foto: Gitte P. Halvorsen**

SKOGFOND MED SKATTEFORDEL
Det er gode tilskotsordningar for investering i ny skog, t.d. planting, supplering og ungskogpleie. I tillegg til tilskotet kan du bruke skogfondet ditt til investeringa og få skattefritak på 85% av beløpet du bruker. Skogfond med skattefordel kan og nyttast ved bygging/ombygging av landbruksvegar med skoginteresser. Ta kontakt med kommunen for meir info eller les meir på https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk

PLANTING 2027
Dersom du planlegg planting i 2027, kan det vere lurt å tenke på plantebestilling alt nå – viss ikkje du alt har gjort avtale. I lågare terreng i Vindafjord anbefaler Skogfrøverket for tida proveniensane Jordtveitmoen, Kilen og Hartz7. Kaupanger kan vere aktuell over 300 moh.

Om du ønskjer å plante framande treslag, må du sende søknad til Statsforvaltaren. Dette gjeld og for juletre.
Sakshandsamingstida har vore fleire månadar, så det er lurt å sende søknaden i god tid før plantesesongen begynner.


Foto: Gitte P. Halvorsen

UNGSKOGPLEIE

Når ny forynging er etablert på ei hogstflate, er det viktig å halde kontroll på konkurrerande vegetasjon. Planter som vert ståande under lauvkratt eller annan vegetasjon, vil begynne å sture, ev. få skadar på toppskot/greiner eller i verste fall døy. **Produksjonstapet i den tida dei står undertrykte vil aldri takast igjen og tida fram til trea vert hogstmodne vert forlenga.** Det er derfor svært viktig å følge opp plantefelta med ungskogpleie i rett tid. Det er eit stort etterslep på ungskogpleie i kommunen, men aktiviteten er på veg opp.

FERDIG BYGDE LANDBRUKSVEGAR

Hugs å melde frå til kommunen når landbruksvegen du fekk byggeløyve på er ferdig bygd.

KURSTILBOD FRÅ SKOGKURS

I tillegg til praktiske kurs tilbyr og Skogkurs (tidl. Skogbrukets kursinstitutt) ei rad kurs som kan takast heimafrå på nett.

Kursavgifta for skogrelaterte kurs kan dekkast med skogfond med skattefordel.

JAKT PÅ HJORT OG RÅDYR

Jakta på hjort og rådyr er i gang. Jakttida for hjort er frå 01.09. t.o.m. 23.12. For rådyr vart det opna for bukkejakt frå 10.08., mens den generelle jakttida for rådyr er 25.09.-23.12.
Kommunen har i år tildelt 1179 løyve for hjort. Dette er 19 færre løyve enn i fjor. 734 av løyva er tildelt vald med godkjende bestandsplanar og 445 løyve til vald utan bestandsplan. **Merk at det ikkje er tildelt kvotefri jakt på kalv dette året.**

Det er og tildelt 177 løyve på rådyr. I tillegg har 5 vald kvotefri jakt.

På grunn av høg hjortebestand oppmodar kommunen om å samarbeide internt i valda om å få felt så mykje som mogleg av tildelt kvote. Merk likevel at dei store valda med bestandsplanar har fastsett eigne reglar for samarbeid mellom jaktfelt.

ENDRA FELLINGSAVGIFTER FOR HJORT

Kommunen har vedtatt ny lokal forskrift, der fellingsavgiftene for hjort er med. Fellingsavgifta for kalv er frå og med jakta 2026 redusert til kr. 160, mens avgifta for vaksne dyr er kr. 360 som tidlegare.

RAPPORTERING

Fristen for levering av fellings-rapportane er 02. januar 2027.
Valdleiar har ansvar for innsending av fellingsrapport. Rapporten kan registrerast elektronisk i Hjorteviltregisteret eller sendast kommunen.

Korleis levere elektronisk fellingsrapport og mange andre spørsmål finn du svar på her: Ofte stilte spørsmål - Hjorteviltregisteret

RAPPORTERING AV SKUTTE RÅDYR

Skutte rådyr skal framover berre rapporterast via Hjorteviltregisteret. Jeger registrerer felte rådyr i Sett og Skutt-appen. Rådyr skal leggast inn på **valdnummer** (ikkje jaktfeltnummer som for hjort).

Valdleiar loggar seg inn i Hjortevilt-registeret, kontrollerer og godkjenner registreringane og melder jakta som ferdig/sender rapport. Fellingsrapporten kjem då automatisk inn på oversikten for Vindafjord. Når de rapporterer på denne måten, treng de ikkje å sende rapport skriftleg til kommunen i tillegg. Ta kontakt med kommunen om de treng hjelp eller sjekk: Ofte stilte spørsmål - Hjorteviltregisteret

NY VILTRESSURSLOV – bruk av synleg lys og termiske siktemiddel
Etter den nye viltressurslova er bruk av synleg lys og restlysforsterkande og termiske siktemiddel forbode, med mindre anna følgjer av eller i medhald av lov, jf. § 26.
Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst (§ 29a) opnar likevel for at kommunen, når visse føresetnadar er oppfylde, kan tillate bruk av slike siktemiddel under jakt på hjort gjennom fastsetting av lokal forskrift.

Dette er eit tema som opptar mange, både tilhengarar og motstandarar av termiske siktemiddel. Vi meiner derfor det ikkje er rett å gjere hastevedtak om ei slik sak.

Utøvingsforskrifta vart gjeldane 1. Juli. Då vart det for lite tid for ein grundig prosess, med høyringsrunde og politisk handsaming, før jaktstart.

Temaet kjem til å bli drøfta i vilt- og fiskeutvalet i løpet av hausten/vinteren, slik at eventuell fastsetting av lokal forskrift er avklart før jakta 2027.

Forbodet i viltressurslova § 26 er derfor gjeldande i Vindafjord under jakt på hjort i 2026.

INFORMASJON – REGELENDRINGAR JAKT
Her finn du god informasjon om kva som er nytt til jakta:
Skal du på jakt til høsten? - Landbruksdirektoratet
Her er de viktigste regelendringene til jakta


Foto: Gitte P. Halvorsen

SETT HJORT OG SLAKTEVEKTER
Stadig fleire registrerer Sett hjort-data digitalt på appen Sett og skutt Ofte stilte spørsmål - Hjorteviltregisteret. Denne løysinga er tilpassa både pc, nettbrett og smarttelefon. Her kan og slaktevekter leggast inn. Dataa må godkjennast av valdleiar i hjorteviltregisteret før dei vert tilgjengelege i statistikken. Dei fleste valdleiarane har fått tilgang for godkjenning av registrerte data i hjorteviltregisteret og elektronisk levering av fellingsrapport.
Meir informasjon om ordninga finn de her: https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jakt-og-viltforvaltning/hjortevilt/sett-hjort/ . Sett hjort- data og slaktevekter frå 2006-2025 er tilgjengelege i www.hjorteviltregisteret.no under Statistikk.

Slaktevektene gir informasjon om utviklinga av storleiken på dyra. Jo større del av dei felte dyra ein har data for, jo sikrare vert resultata. Det er viktig at det vert nytta vekt, ikkje rusing. Dersom du må rapportere på papirskjema, må slaktevektdata førast på tilleggsskjema. Skjemaa sendast *Vindafjord kommune, Østbøvegen 2, 5585 Sandeid*, eller på e-post til: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no, så snart som råd etter jakta.

Takk til alle som har levert inn Sett hjort-data til no!

STORFETUBERKULOSE – TESTING HJORT
I samband med påvist storfetuberkulose i Suldal i 2022 er Veterinærinstituttet i gang med å kartlegge kvar smitten har kome frå. Ettersom hjort kan bli smitta og dei mistenker at hjort kan vere ei smittekjelde, ber veterinærinstituttet jegerar i Vindafjord og Tysvær om hjelp til innsamling av svelglymfeknutene til vaksne hjort. Instituttet har tidlegare mottatt nokre prøvar frå Vindafjord, men det er framleis trong for fleire.

Kommunen har ein del prøvesett for utdeling, men det er og mogleg å bestille direkte frå veterinærinstituttet. Sjå elles meir informasjon i denne artikkelen: https://www.vetinst.no/nyheter/storfetuberkulosefunn-ber-jegerne-hjelpe-i-jakten-pa-svaret

(Ferdig frankerte adresselappar frå tidlegare år kan ikkje brukast i 2026. I linken over ligg instruksjonsskjema med QR-kode for kode til bruk i posten.)

NYDYRKING
Kva tiltak som reknast som nydyrking er definert i forskrifta § 3 fyrste til tredje ledd. Forskrifta omfattar tre hovudtypar nydyrking:

- opparbeiding av udyrka areal til fulldyrka jord.
- opparbeiding av udyrka areal til overflatedyrka jord**.**
- opparbeiding av jordbruksareal som har ligge unytta i over 30 år, til overflatedyrka eller fulldyrka jord.
- Med udyrka areal er meint alt areal som ikkje tilfredsstiller krava til fulldyrka jord eller overflatedyrka jord. Opparbeiding av overflatedyrka jord til fulldyrka jord reknast ikkje som nydyrking etter forskrifta.

Foto: Ukjent

Definisjonane av fulldyrka og overflatedyrka dyrka jord etter forskrifta følgjer dei same definisjonane som for klassifikasjonssystemet AR5. Les meir om grunnlaget for klassifiseringa i NIBIO-bok 5 2019 – AR5 Klassifikasjonssystem. Andre tiltak må avklarast med kommunen, før ein set i gang tiltaket.

DRIVEPLIKTA ETTER JORDLOVA
Hugs og driveplikta. Om ein ikkje driv jordareal sjølve, må ein leige ut jorda til andre, på 10 års kontrakt, til nabobruk som driv aktivt. Det er mogeleg å søke om kortare tid enn 10 år. Ein må då grunngje dette i søknaden.

LAGRING AV SILOBALLAR
- slik unngår du avrenning til vassdrag
God lagring av siloballar er viktig både for fôrkvaliteten og for miljøet.
Feil plassering kan føre til avrenning av silosaft og forureining av bekkar, elvar og andre vassdrag.

Vel rett lagringsplass. Siloballar bør lagrast på fast og jamt underlag med god bereevne. Hald god avstand til bekkar og grøfter. Siloballar bør ikkje lagrast nær vassdrag, dreneringsgrøfter eller kummar.

Ei god buffersone reduserer risikoen for at næringsstoff og silosaft hamnar i vatnet. Ver ekstra merksam på nypressa ballar, då risikoen for avrenning er størst dei første vekene etter pressing. Kontroller plasten jamleg, då skadar i plasten kan føre til lekkasje av silosaft. Tett hol raskt og pass på at ballane blir handterte varsamt ved flytting.

Små tiltak på garden kan gi stor gevinst for vassmiljøet. Rett lagring av siloballar er eit enkelt, men viktig bidrag til å redusere forureining og ta vare på lokale vassdrag.

Foto: Anne Karin Langeland

GJØDSELBRUKFORSKRIFTA

Gjødselbrukforskrifta tredde i kraft februar 2025, og har reglar for lagring og bruk av gjødsel. Formålet med forskrifta er å legge til rette for god utnytting av gjødsla utan at det bidreg til ulemper for helse og miljø. Forskrifta kom med nye reglar for spreiemengder og spreietidspunkt. Den stiller også krav til gjødslingsjournal, i tillegg til gjødslingsplan.

Her er dei viktigaste endringane:

- Strengare grenser for kor mykje fosfor du kan spreie per dekar.
- Kortare spreieperiode: 1. mars–1. september (lokal forskrift for Rogaland).
- Krav om gjødslingsjournal frå 2026.
- Forskrifta gjeld både husdyrgjødsel og mineralgjødsel.

Innmarksbeite må vera godkjent for spreiing av husdyrgjødsel og mineralgjødsel.

Du finn meir informasjon på kommunen si heimeside om Husdyrgjødsel og spreieareal - Vindafjord kommune. På Landbruksdirektoratet si heimeside finn du Rettleiing til gjødselbrukforskrifta - Landbruksdirektoratet.

Beitedyr på innmark og utmark – fører du beitelogg?

For å halde oversikt over dyr og tal veker dyra har gått på inn- og utmarksbeite, er ofte beitelogg nødvendig. Dette for å halde oversikt når ein skal søkje tilskot til dyr på inn- og utmarksbeite. Her er eit forslag til beitelogg:

Beitelogg til foretak:..... for sesongen 20/.....

Dyreslag (Melkeku, kjøttfe, sau, geit, annet)	Aldersgruppe Ungdyr- voksne dyr (U / V)	Antall dyr	Skiftenummer	Innmarksbeite		Utmarksbeite		Mengde tilleggsfôring, andre kommentarer
				Fra, dato	Til dato	Fra, dato	Til, dato	

KANTVEGETASJON – VIKTIGE FUNKSJONAR



Utdrag frå veiledar NVE

Her kjem litt statistikk:

UTVIKLING AV JORDBRUKET I VINDAFJORD

Utvikling i søkjarar av produksjonstilskot og regionalt miljøprogram (RMP) i Vindafjord

År	2018	2023	2024	2025
Søkjarar av produksjonstilskot	385	379	381	381
Søkjarar til regionalt miljøprogram (RMP)	230	257	262	264
Føretak med økologisk drift	5	4	4	5

Utvikling av antal jordbruksføretak tatt frå søknadar om produksjonstilskot.

År	2018	2023	2024	2025
Anna storfe	186	185	175	167
Mjølkekyr	115	95	92	92
Ammekyr	74	93	91	88
Vinterfôra sauer	236	217	214	201
Mjølkegeiter	2	3	3	3
Ammegeiter	16	22	22	23
Slaktegris	58	48	43	44
Verpehøner	7	8	7	6
Grønsaksproduksjon	4	4	5	5
Frukt og bær	5	6	6	6

Produktive areal i Vindafjord (dekar):

År	2018	2023	2024	2025
Fulldyrka areal	43 115	43 827	43 928	44 041
Overflatedyrka areal	2 433	3 008	3 082	3 165
Innmarksbeite	36 737	36 645	36 733	36 789
Produktiv skog	215 338	213 136	212 889	212 709

Antal husdyr/mengde grønsaker, frukt og bær tatt frå søknadar om produksjonstilskot.

År	2018	2023	2024	2025
Anna storfe	7 546	7046	6773	6824
Mjølkekyr	2 785	2503	2610	2616
Ammekyr	748	1079	1067	1133
Vinterfôra sau	15 958	15073	14633	14872
Slaktegris	14 904	12313	9909	10377
Mjølkegeiter	510	754	777	852
Ammegeiter	497	372	607	269
Verpehøns	5 674	10510	10048	11098
Grønsaksproduksjon (i tonn)	760 tonn	1124 tonn	954 tonn	705 tonn
Frukt og bær	4,8 tonn	5,2 tonn	6,5 tonn	8 tonn

Eining Areal- og forvaltning:

	Namn	Hovudoppgåver
	Thomas Vestbø Tlf. 97 54 01 80 e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no	Einingsleiar
	Morten Rørheim Tlf. 90 88 42 57 e-post: morten.rorheim@vindafjord.kommune.no	Permisjon
	Vendel-Agathe Skartland-Hide Tlf. 47 78 10 84 e-post: vendel-agathe.skartland.hide@vindafjord.kommune.no	SMIL/drenering/miljø
	Sissel Lilleland Tlf. 47 78 03 92 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no	Produksjonstilskot
	Alf Ole Bull-Tornøe Tlf. 47 69 78 68 / 41 61 56 09 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no	Konsesjon/deling/nydyrking
	Anne Karin Langeland Tlf. 47 69 86 67 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no	Oppdatering av gardskart
	Gitte P. Halvorsen Tlf. 47 69 89 66 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no	Skog og viltforvaltning

Utgjevar: Landbrukskontoret
Redaktør: Sissel Lilleland
Kommunen si heimeside:
www.vindafjord.kommune.no
Tlf. 53 65 65 65

VINDAFJORD KOMMUNE
Eining Areal- og forvaltning
Østbøvegen 2

5585 SANDEID